

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2015	Arbeidsmiljøutval	PS	12.05.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjetil Morken	14/3203	15/5086

Sjukefråvær 1. kvartal 2015

Saksopplysingar:

Vedlagt følgjer oversyn over sjukefråvær i Radøy kommune oppdatert per 1. kvartal 2015..

Sjukefråværet er svært høgt i 1. kvartal 2015. 11,9 %. Det er ei stor auke i alle sektorar og er det høgste målt 1. kvartal sidan starten av oversikta i 2007.

Det er ei tilbakegang i brukteigenmelding 1. kvartal 2015 mot 1. kvartal 2014. Det er langtidsfråværet som aukar.

Denne utviklinga er svært uheldig og rådmannen er uroa over det høge nivået sjukefråværet no er på.

Rådmannen legg opp til ein dialog og kartlegging i einingane om saka.

Me vil å spørje einingsleiarane om :

- Undersøke om det er mogleg å finne årsak til det høge sjukefråværet i sin avdeling?
- Kva er årsak til kortidssfråvær – og langtidsfråvær.
- Er det tiltak som kan setjast i verk i eininga som kan redusere fråværet og motverke / førebygge sjukefråveret - / utviklinga av sjukefråveret

Ei analyse av funn om årsakssamanheng og mogleg tiltak vil danne grunnlag for vidare arbeid.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

AMU tek oversyn over sjukefråværsutviklinga, og planlagde kartlegging og tiltak til orientering.

Arbeidsmiljøutval - 005/2015

AMU - handsaming:

Rådmannen opna debatt om planlagt bakgrunn for utviklinga av sjukefråværet. Fagforbundet opplever at det bør arbeidast med halldingsarbeid både blandt sjukemeldarar (legar) og

arbeidstakarane. Viser til eksempelet "Lucky Linda ", ei dame som fortel om valg ein har om å bruke restarbeidsevne osb.

Åshild Askeland viser til mogleitar for samarbeid, NAV, lege og arbeidsgjevar om aktivitetsplikt i sjukemeldingsoppfølginga.

Fagforbundet ber arbeidsgjevar sjå på rutinene med korleis eigemeldingar blir mottatt på arbeidsplassen. Er det slik at dei som lever eigemelding blir forhört tett på om restarbeidsevne og lengd på sjukefråvær, medan om ein leverer sjukmelding så blir ikkje oppfølginga like tett? Kommunalsjefane må dialog med leiarane sine om korleis dei gjennomfører dette i praksis.

I møtet gjentekt rådmannen strategi om kartlegging av fråværet på einingsnivå for å vurdere ev moglege tiltak for å redusere fråværet.

AMU - vedtak:

Vedtak : AMU tek oversyn over sjukefråværsutviklinga, og planlagde kartlegging og tiltak til orientering.

Vedlegg:

Sykefråvær 2014